



Spitkafe på Raulandsstoga torsdag 10. feb. 2011

Denne torsdagen blir det kontstrikk på strikkekafeen. Kontstrikk er ein form for mønsterstrikk med 2 eller fleire fargar, der ein strikkar rute for rute. Mønsteret liknar på flettemønsteret i neverkonter. Ta med sneisar (strikkpinnar) og garn, 2 fargar. Det er høve til å kjøpe mat og kaffi. Utlodning.

Kvelden er eit samarbeid mellom Rauland Husflidslag og Rauland Bygdekvinnelag.



Aktivitetsekveldar på Tingvoll.

Tysdag 8. mars kl 1900. Vi held fram med strikking av loddar. Denne kvelden vil Torbjørg Enerstad syne kunsten å lage russelest. Elles kan du halda fram med kjevlelodd som vi starta på før jol. Utlodning.

Tysdag 29. mars kl 1900. Vi ser på fleire måtar å strikke loddar på: hæl, tåfellingar og strømp (vrangbord). Ta med gamle og nye modellar, til nytte og inspirasjon.



Sveipekurs:

Det blir sveipekurs i treverkstaden på Dyre Vaa huset, i lokalet ved sida av Vevkjerringane, der Olavsgutane heldt til tidlegare. Kurset blir på dagtid, torsdagar frå 10 til 14. Fyrste gong 3. mars. Lærer er Ole Svensson. Vi håper det kan bli ei gruppe som er interessert i å arbeide på verkstaden framover. Vi treng hjelp til å gjera dette kjent. Har du naboar, slektningar eller andre kjende som du trur kan vera interessert? La treskoposten gå!

Kurset er ope for alle. Pris for kurset kr 900.-

Meld deg på til tlf 35073292 eller e-post: ann.mari.jore@raulandsakademiet.no



Rauland internasjonale vinterfestival 16. – 20. februar.

Stort og omfattande program på vinterfestivalen er lagt ut. Konsertar og kurs med artistar frå Irland, Scotland, Sverige, Estland og Noreg. Draumehelg for strikkeinteresserte, både handstrikk og maskinstrikk, med forelesarar frå England og Noreg. Kappleik laurdag 19. feb. Bygg din eigen torader

(lite trekkspel) og mykje, mykje meir. <http://vinterfestival.hit.no>



Nordisk Husflidsleir 2011 finner sted i Þingeyri på Island. Klikk nedenfor for mer informasjon. [Nordisk Husflidsleir 2011.pdf](#)



Kurskatalogen for 2011 er sendt ut og vi håper at alle har sett han.

Bli medlem i Rauland Husflidslag og få 10% rabatt på kursavgifta! www.raulandsakademiet.no



Handverksutsalget på Låven, Telemarkstunet er ope laurdag 19. februar og laurdag 26. februar frå 11 til 17.